



Det er enno eit kvarter att til start, og stemninga er god

Også denne gongen var kyrkja fullsett, med tilhøyrarar frå alle kantar av kommunen. Korleis får Uskedal sokneråd til dette gong på gong? Vel kan ein seia at dei er heldige som har krefter som Jørn Øyrehagen Sunde, sokneprest Lina Håland og organist Eva Megyesi med fleire å spela på, men det skal teft og fantasi til å tenkja ut program, aktørar skal ha sine roller, og heilskap og stemning gjer seg ikkje sjølv.

Det soknerådet har fått i stand av ulike tema-, oppbyggings- og underhaldningskveldar den siste tida, har vorte svært populære tilstellingar. Ein skal leita lenge for å finna maken til stemninga på desse kveldane. Korleis kan ein toppa det me fekk servert fredag kveld?

Thor Inge Døssland ynskte velkomen, før det vart song av sokneprest Lina Håland, akkompagnert av ordførar Peder Sjo Slettebø på orgel, deretter eit tankevekkjande kåseri om reformasjonen sin påverknad av utviklinga av dagens samfunn og verdisyn ved Jørn Øyrehagen Sunde, kaffi-, kake-, drøsoekt, nok ein song ved sokneprest Lina akkompagnert av ordførar Peder, ei tankevekkjande innleiing til ordskifte ved ordførar Peder - der han trekte nokre liner frå eit katolsk synspunkt, samt dømte på kva reaksjonar konvertering til katolisismen kunne leia til i bygdenoreg i 1920 - fylgt av ordskifte. Så ein fint framført takk til aktørane ved soknerådsleiar Svanhill Haugland, før det heile vart avslutta med "Largo" av Händel på orgel av ordførar Peder.

Ein kan berre bøya seg i støvet for den flotte tradisjonen soknerådet her har fått i stand. Det var ikkje tomt snakk då ordføraren ga honnør til soknerådet for svært godt arbeid over tid.



Lina og Peder sytte for det musikalske

Sjølve kåseriet vert omtala for seg berre eg får tid til å skriva det.

Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland